

Tilskot frå fondet

"Rusførebyggjande tiltak for barn og unge i Aukra"

Vedteke i k-sak 3/18 den 06.02.2018

Aukra kommune krev inn gebyr på kommunal salsbevilling for øl og for skjenking av alkoholholdig drikk. Det er vedteke at midlar frå desse gebyra årleg vert sett av på fondet «Rusførebyggjande tiltak for barn og unge i Aukra».

Retningslinjer

Kven kan søke om tilskot frå fondet:

1. Frivillige lag og organisasjonar. Det er ein fordel om dei er registrert i Brønnøysundregistret.
Laget eller organisasjonen må drive sin aktivitet knytt til barn og unge i Aukra kommune.
2. Kommunale einingar, når tiltaket medverkar til å styrke kommunen sine satsingsområde.

Kva kan det søkast om tilskot til:

1. Rusførebyggjande aktivitetstilbod for barn og unge i Aukra

Vilkår for søknaden:

1. Søknaden skal vere skriftleg og sendast kommunen før gjennomføring av tiltaket
2. Søknaden skal skissere tiltaket, plan for gjennomføring, samt vidare bruk/oppfølging
3. Detaljert budsjett eller kostnadsoverslag med finansieringsplan
4. Søkjar skal opplyse om tilskot som allereie er innvilga, andre omsøkte tilskot og andre inntekter
5. Dugnadsinnsatsen i aktiviteten blir verdsett

Vilkår for utbetaling av tilskot:

1. Utbetaling av tilskot skjer etterskotsvis etter framlegg av prosjektrekneskap
2. Tilskot som ikkje er nytta innan to år etter tildelinga fell tilbake til fondet

Behandling av søknadar:

1. Søknadane blir behandla av eining for kultur, som også har mynde til å forvalte fondet.
Dersom kommunale einingar er søker skal søknad behandlast av livsløpsutvalet.
2. Kvart enkelt prosjekt/tiltak kan få innvilga tilskot frå berre ein av kommunen sine tilskotsordningar.
3. Søknadar blir handsama fortløpande, og med ei saksbehandlingstid på inntil fire veker.

Rapportering:

1. Eining for kultur rapporterer bruken av fondet til livsløpsutvalet kvart år.

Det er ikkje eige søknadsskjema til denne tilskotsordninga. Send søknad med vedlegg til:
post@aukra.kommune.no